



Dette er redaksjonen for sommarutgåva av Uskedalsposten. Britt Torill Mathiesen skriv og frå høgre står Camilla Myklebust Ripel, Ida Marie Kildal Eidsvik, Hanna Tvilde, Thea Soltveit Taranger og Hans Magnus Sæle Kårstad

Ikveld starta Hobbyklubben ein ny sesong i Bedehuset. Det møtte 17 unge og det vart ein riktig kreativ start med mange gode idear om den aktivitet som skal finna stad utover i det nye året. Til dømes bobla det av idear om stoff i Uskedalsposten som lovar eit fyldig sommarnummer.

Avisgruppa startar også ei tevling om beste sommarminne, beste sommarteikning og beste sommardikt og startskotet går no!



[Det var godt fram møte til sesongstarten](#)

- Vi har fristande premiar klare, lovar leiar Tore Mathiesen. Jon Harald Kjærland og Svanhild Haugland skal samarbeide om leiinga av grupper for friluftaktivitetar og hobbyar.

Oddbjørg Heimark vil også denne sesongen ha ansvar for matgruppa og Tore Mathiesen tek seg sjølv av den nye filmgruppa.

Hobbyklubben er ope for alle frå 5.klasse og oppover og har aktivitetsekveldar 5 gonger fram til sommaravslutning midt i april.

Midt i februar er det mjølkveid med trekking av eit lotteri som no er igang.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen